



SFO 2025-26

Vi jobbar mot

Ein inkluderande SFO med gode relasjonar mellom barn og vaksne.

På Fjellgardane SFO får ungane tilbod både ute og inne.
Det er tid for ungane til å leike både åleine og saman med andre.
Kulturskuletilbod ligg i SFOtida.

SFO skal vera ein skulefritids plass. Det betyr at barna i størst mogleg grad får lov til å styre leiken og aktivitetane på eigne premisser.

Noko vaksenstyring vil det likevel bli i form av tidspunkt for ute og inne tid. Vi tar utgangspunkt i rammeplanen for SFO når vi legger planer for året.
Elles satsar vi på mykje tid ute.

Alle måltid på SFO er gratis.

OPNINGSTIDENE:

Måndag;	7.30 – 8.30	ettermiddag	13.15 -16.15
Tysdag;	7.30 - 8.30	ettermiddag	14.30 -16.15
Onsdag;	7.30 - 10.15	ettermiddag	13.15 -16.15
Torsdag;	7.30 – 8.30	ettermiddag	14.30 -16.15
Fredag;	7.30 – 8.30	ettermiddag	13.15 -16.15

TELEFON: 90255864

FERIE OG FRIDAGAR:

På skulen sine ferie og fridagar har SFO ope heile dagen.

Desse dagane får ungane to måltid.

På grunn av personalet si ferieavvikling, sender vi ut påmelding på visma, vennlegast svar inne fristen til de ulike ferien. Elevane skal ha fire veker ferie i løpet av året. 3 veker skal være samanhengande, dei fem planleggingsdagane SFO har i løpet av SFO året kan utgjere den fjerde ferieveka. Vi ber og om at de seier i frå innan kl 10.00 dersom ungane dykkar ikkje kjem den dagen de har sett opp. **Frammøte er før kl. 10.00 på skulens ferie og fridagar.**

SFO er stengt dei to siste vekene i juli.

PLANLEGGINGS DAGAR:

Personalet på SFO har fem planleggingsdagar kvart år.

I år vert det følgjande dagar:

Måndag 11. august
Tysdag 12. august
Onsdag 13. august
Fredag 7. november
Fredag 15. mai

Vi har eit foreldremøte kvar haust.

- der kan foreldra ta opp tema dei ynskjer
- det vert også val av foreldrerepresentant til samarbeidsutvalet
- vi informerer om SFO

Vi som arbeider på SFO vil gjerne ha eit ope og godt samarbeid med foreldra.
Det er derfor fint om de tek kontakt dersom det er noko de lurar på eller ynskjer annleis.
Vi bruker visma der dei kan melde til oss om det er endringar, ved sjukdom osv.

BARN:

Me blir i år 22 barn frå 1-4 klasse på SFO.

TILSETTE:

Vigdis : 100%
Mette: 100%
Jens: 100%
Eirin: SFO-leiar. 100%

Vi er alltid minimum 2 vaksne på SFO.

NÅR DE IKKJE TRENG Plassen Lenger:

De må seie opp plassen eller gjere endringar på plassen i visma med ein månads varsel.
Reduserer du plassen må det vere heile dagar.
Dei som har fått SFO, har plassen til dei sluttar i 4. klasse. Det inneber at de ikkje treng søkje kvart år.

KLEDE... merk tøyet!!!

Barna må ha ekstra sokkar, varmt tøy, sko, støvlar og regntøy.
Foreldra må sjekke med jamne mellomrom, minst kvar 14 dag.

Vi gler oss til eit nytt skule og SFO år ☺

Mvh

Oss på SFO, Mette, Vigdis, Jens og Eirin.